

Noregs Vassdrags og energidirektorat ( NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Oslo, 25. august 2014

Ansvarlig advokat: Kristin Bjella  
Referanse: M 1005401.1

## **HØYRINGSUTTALE FRÅ GRUNNEIGARLAGET FOR DEI REGULERTE VATNA I HOL OG ÅL – MJÅVATN KRAFTVERK**

### **1 INNLEIING**

Vi syner til brev frå NVE 3. april 2014 om høyring av søknad frå Småkraft AS om konsesjon til bygging av Mjåvatn kraftverk. Grunneigarlaget for dei regulerte vatna i Hol og Ål ("grunneigarlaget") har fått utsett høyringsfrist for uttale til 25. august d.å.

Grunneigarlaget meiner ei utbygging av Mjåvatn kraftverk kan aksepteras dersom visse føresetnadar er oppfylde. Det er ein føresetnad at eit nytt Mjåvatn kraftverk ikkje vil medføre annan bruk av magasinane enn i dag, og særleg av botnmagasinet i Stolsvatn. Utbygginga gjer det nødvendig med eit manøvreringsreglement for Stolsvatnsmagasinet, jf også krav om dette i krav om revisjon av konsesjonane for Holsreguleringa. Det er også ein føresetnad at det vert satt krav om minstevassføring, og til eit høgare nivå enn foreslått i søknaden. Vi skal i det følgjande gjere nærare greie for desse forholda.

Som kjent skal det samtidig med denne uttalen også gis uttale til søknad frå E-CO Vannkraft AS om utbygging av Hol Stolsvatn 1, som er eit prosjekt i konkurranse med Mjåvatn kraftverk. Småkraft AS har inngått avtale med grunneigarar om fallrettar for Mjåvatn kraftverk, og desse grunneigarane er medlem av grunneigarlaget som her skal gi uttale til bae søknadene. Vi skal for ordens skyld nemne her at grunneigarane som har interesser i utbygging av Mjåvatn ikkje har teke del i uttalen frå grunneigarlaget om Mjåvatn anna enn med faktiske opplysningar.

I søknaden er planane forklart og konsekvensane utgreidd i samsvar med pålegget frå NVE. Når det gjeld framstillinga av tiltaket syner vi berre til omtalen i søknaden og byggjer på dette. Vi skal difor i det følgjande konsentrere oss om konsekvensane av det foreslåtte tiltaket, og grunneigaranes syn på dette.

## 2 KONSEKVENSAAR FOR STOLSVATNMAGASINET OG RØDUNGEN

I følgje søknaden skal inntaket for kraftverket liggje i Mjåvatn, dvs i den delen av Stolsvatnmagasinet som tidlegare var Mjåvatn. Vatnet skal leiast frå dammen i tunnel ned til kraftverket ved Rødungen. Dette inneber at det vatnet som i dag i stor grad er overskotsvatn slept frå Mjåvatn, vert ført i tunell ned til kraftverket, og vert slept ut i Rødungen.

Småkraft foreslår ikkje endra manøvrering av Stolsvatnmagasinet, og legg til grunn at dei vil kunne nytte overskotsvatnet herifrå innanfor dagens køyring av dette magasinet. Småkraft skriv på side 27 i søknaden at:

*”Det presiseres at Mjåvatn kraftverk vil bli operert etter hva som totalt sett er mest gunstig manøvrering av vassdraget. Dette håndteres av FHR. Grovt sett antas at manøvreringen av Stolsmagasinet og Rødungen blir som i dag, men mindre endringer kan forekomme på grunn av mulige endringer i minstevannføringer, endringer i kraftpriser over år og døgn, etc.”*

Kraftverket vil som det framgår nytte seg av vatn frå det regulerte magasinet, og ha inntaket direkte i magasinet. Dersom Småkraft får konsesjon til å bygge ut Mjåvatn kraft, vil dei også etter vassdragsreguleringsloven ha rett til å bli medlem i FHR (Foreningen for Hallingdalselvrens regulering), mot å ta sin del av kostnadene med slikt medlemskap. Som medlem har dei også høve til å ha innverknad på reguleringa av magasinet, men E-CO Vannkraft AS er den klart dominerande eigaren, og vel også driftsansvarleg i FHR.

Sjølv om Småkraft som liten aktør vil ha liten innverknad på korleis magasinet vert køyrt gjennom året, vil dei måtte ta del i magasinet som eigar, og dekke kostnader med dette. Dette kan vi ikkje sjå er teke omsyn til i dei økonomiske utrekningane for prosjektet, og vi stiller spørsmål ved kva kostnaden vil vere dersom dette vert teken omsyn til.

I dag er Stolsvatnmagasinet og Rødungen regulert med manøvreringsreglement som gir FHR fridom til regulering innanfor HRV og LRV. I Småkraft sin kommentar til uttalen frå FHR og E-CO til meldinga om prosjektet heiter det at Mjåvatn kraftverk har som føresetnad å utnytte magasinet heilt ned til LRV, dvs til kote 1081,6, som er LRV for Mjåvatn. Samstundes heiter det at utbygginga ikkje vil føre til særleg endring av dagens manøvrering, utan at dette er konkretisert nærare. Ein legg til grunn at E-CO vil utnytte magasinet som før, og at Mjåvatn kraftverk ikkje vil påvirke dette. Men med dette er det ikkje teke høgde for at E-CO vil ynskje å utnytte magasinet betre, og vil venteleg søke andre løysingar for dette dersom søknaden for Stolsvatn 1 ikkje får konsesjon. Vidare kan ein ikkje rekne med som sikkert at manøvreringa framover vil følgje det historiske mønsteret, jf endra føresetnader i marknaden.

Rett nok legg ein til grunn slik vi forstår det at ein skal nytte seg av vatn som elles ikkje ville bli utnytta av E-CO, men som i dag vert ført til Juvåne som overskotsvatn. Men med inntak direkte i magasinet vil kraftverket anten måtte bli deltakar i FHR og ta del i vilkåra for magasinering av vatnet, eller inngå ei leigeavtale for magasinet med FHR. Uansett vil ein måtte ha innverknad på korleis magasinet skal drivast. Det er ikkje lagt fram nokon planer for dette, eller utkast til leigeavtale med FHR, og dette er ein mangel ved søknaden. Det er uklart korleis ein meiner eventuelle motstridande interesser mellom det nye kraftverket og E-CO/FHR si køyring av vatnet skal løysast.

Frå grunneigarane si side er det avgjerande at det kan sikrast forsvarleg bruk av Stolsvatnmagasinet også med ei utbygging som denne, og at det kan sikrast mot uheldige verknader for Rødungen.

Dette tilseier at utbygginga av Mjåvatn kraftverk må ha som føresetnad at det vert satt vilkår om rammer for manøvreringa av Stolsvatn og Rødungen, sjå nærare under pkt 3. Sidan endringane for natur og landskap elles ikkje synes store, og forutsatt at det vert satt krav om nytt manøvreringsreglement slik at prosjektet ikkje fører til endringar i reguleringa av Stolsvatn og Rødungen, vil grunneigarane stille seg positive til søknaden.

### 3 JUVÅNE

Det framgår av søknaden at Juvåne etter denne utbygginga og med den foreslåtte minstevassføringa vil kome attende til tilnærma naturleg vassføring før utbygginga av Holsreguleringa. Det er samstundes klart at vassføringa i Juvåna vil bli heilt endra i høve til i dag.

Sjølv om vassføringa etter utbygging vil vere nokolunde lik den opprinnelege vassføringa, må det takast omsyn til at det etter mange år med annan bruk av vassdraget er etablert andre forhold for det naturlege livet i vatna og elva enn det opprinnelege. Det er dette nye etablerte livet og konsekvensen for det som må vurderast i høve til denne søknaden.

Det går fram av søknaden at utbygginga kan ha negative konsekvensar for utviklinga av fisk i Rødungen, fordi det vil gå mindre vatn i elva. Dersom dette kan bøtast på med auka krav til minstevassføring, bør det setjast vilkår om dette, jf pkt 3 under.

### 4 KRAV OM KONSESJONSVILKÅR

Utbygginga av Mjåvatn kraftverk skal utnytte magasinet i Stolsvatn, og skal kunne tappe Mjåvatn heilt ned til LRV. Etter grunneigarane sitt syn er det nødvendig å fastsetje nærare vilkår for tapping og oppfylling av Stolsvatn og Rødungen dersom tiltaket her skal godkjennast.

Ettersom dette venteleg uansett vil bli kravd i samband med revisjon av Holsreguleringa, vil grunneigarlaget meine at det er naturleg å framskande dette kravet i samband med konsesjonssøknaden for Mjåvatn, sjølv om ikkje denne konsesjonssøknaden direkte utløyser eit slikt krav.

I vår uttale til søknaden om konsesjon for Stolsvatn 1 uttala vi på vegne av grunneigarlaget at ein meiner det er nødvendig å fastsetje eit manøvreringsreglement som sikrar rask nok oppfylling av Rødungen og Stolsvatn om våren til at næringsgrunnlaget for fisken og omsynet til friluftsliv og natur ikkje blir skadelidande, og at vatnstanden blir halden stabil til seinhaustes av same omsyn. Grunneigarlaget meiner difor at det må fastsetjast eit manøvreringsreglement som sikrar oppfylling til HRV innan 10. juli for begge magasinane, og at nedtapping ikkje kan setjast i verk før 1. november.

Grunneigarlaget meiner vidare at det må setjast konsesjonsvilkår om minstevassføring for vassdraget mellom Mjåvatn og Rødungen. Etter forslaget skal det sleppast 0,28 m<sup>3</sup>/s i sommarhalvåret. Slik vi forstår utgreiinga med omsyn til fisk, vil tiltaket ha negativ innverknad for fisken i Rødungen, som i dag går opp i elva. Dette tilseier at det vert vurdert å auke

minstevassføringa til det som er oppgitt som scenario 5, dvs til 1,28 m<sup>3</sup>/s. Dette vil rett nok gi eit kraftproduksjonstap på 2,7 GWh, med tilhøyrande auke i utbyggingskostnaden, men det er likevel tale om ein beskjeden auke i høve til det ein kan vinne på det.

Med helsing

**Advokatfirmaet Hjort DA**



Kristin Bjella

Advokat/ Partner

Møterett for Høgsterett

MNA

kbj@hjort.no

Kopi:

Grunneigarlaget for dei regulerte vatna i Hol og Ål v/styreleder Nils Harald Brattaker, 3570 Ål

Ål kommune v/Geir Tretterud, Torget 1, 3570 Ål

Hol kommune, v/Kjell Magnar Mykkeltvedt , Ålmannvegen 8, 3576 Hol

Småkraft AS v/Martin Vangdal, Postboks 7050, 5020 Bergen

E-CO Energi AS v/Halvor Halvorsen, Postboks 1050 Sentrum, 0104 Oslo